

5.
S A L M E.

Eigen tone.

Frå Allheims høge truna,
frå Himlens prakt og fagerdom,
frå spir og kongekruna,
Du "Livsens hovding" til oss Kom.
Du var din faders like
i æra, makt og glans.
I herlegdomens rike
Du sat ved sida hans.
Ein tallaus englevrimmel
i lydriad böygde seg,
og fyllte all Guds Himmel
med hyllingskvad til Deg.

I kjærleik og i lydriad,
Du tok ein tenarskapriad på,
la av Deg all din prydnad.
Som lite barn Du let Deg sjå.
I stallen, sveipt i klutar,
dei fann Deg Jolenatt,
med høy og strå til putar,
Du Himlens dyre skatt!
Og ved di ringe lega,
der sat ei fatig mor.
Du Alfa og Omega
Kven ser, Du no er stor?

Til hyrdingmenn, arme,
ein fredens engel kjem, frå Gud,
med stråleglans og varme,
I Himlens kvite tenarskrud.
Dei redde menn han helsar,
so Himmelsæl og glad:
"I dag er född ein Frelsar,
i kongen Davids stad!"
Og frå dei høge Himlar,
der höyrdest jubelsong.
Ein her av englar vrimler
kring Betlehem hin gong.

So gjekk Du lidingsvegen:
Getsemane og Golgata.
Og vart av domen slegen.
Strauk ut vår skuld: Halleluja!
Me som i synd var selde,
vart löyste med ditt blod.
Og dödens sterke velde,
vart knust, då upp Du stod.
Med takkesong me helsar
Deg gjennomstungne bror.
Me hyller Deg, som frelsar,
og byggjer på ditt ord.

Johs.M.L.Rydland.